Vestland fylkeskommune

Innovasjon og næringsutvikling
INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Vår referanse	2020/50259-2
Dato	11.05.2020
Sakshandsamar	Endre Korsøen
Telefon	917 64 632

Bjørnafjorden kommune

5649 EIKELANDSOSEN

Sævareid Fiskeanlegg AS - Søknad om mindre utviding av anlegg for settefisk av laks og aure på lokalitet 10141 Sævareid i Bjørnafjorden kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad motteke 05.05.2020 frå Sævareid Fiskeanlegg AS om løyve til mindre utviding av anlegg for oppdrett av settefisk av laks og aure på lokalitet Sævareid i Bjørnafjorden kommune.

Om søknaden
Sævareid Fiskeanlegg AS søkjer om auka utsleppsløyve frå dagens 4300 tonn til ein årleg produksjon på 4370 tonn produsert biomasse etter forureiningslova samt ei vurdering av ei slik utviding etter Matlova samt handsaming av løyve etter Akvakulturlova.

AS Sævareid Fiskeanlegg ønskjer å flytte produksjonen ved sin merdbaserte settefisklokalitet 10146 Berlandstveit i Skogseidvatnet til settefiskanlegget på lokalitet 10141 Sævareid. Flytting av produksjonen inneber miljømessige fordelar ved reduksjon av utslepp til eit sårbart innsjø-økosystem og ein marginal auke på 1,6 % i produksjon ved anlegget som har reinsa avlaup til ein betre resipient i sjø.



Omsøkt auke i produksjon og fôr forbruk på 1,6 % er tenkt gjennomført utan auke i antall fisk. Produksjonsauken er planlagt innanfor gjeldande produksjonsplanar og struktur ved anlegget, og det kan vera tale om at nokre grupper med fisk blir litt større enn tidlegare før utsett i sjø.

Søknaden inneber ikkje endring i arealbruk, og søknaden er ikkje i konflikt med vedteken arealplan for område.

NVE har i brev av 02.12.2019 vurdert det slik at denne utvidinga ikkje føra med seg trong for ny konsesjonsbehandling etter i vassressurslova.

Gjeldande løyve etter akvakulturlova på lokalitet 10141 Sævareid er frå 02.03.2015. Denne er lagt ved søknaden slik at endringssøknaden kan vurderast i høve allereie gjevne godkjenningar på Sævareid.

Om KU
Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Offentleg utlysing og kommunal uttale
Vestland fylkeskommune ber om at Bjørnafjorden kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen sin uttale, ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd.

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Sævareid Fiskeanlegg AS